

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-U01, FE-223
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.11.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
072/22	Utval for næringsutvikling og drift	07.12.2022

Søknad til Næringsfondet - Terje Titland Taxi AS - Eiendomsselskap

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Eiendomsselskap vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Handsaming:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 072/22 Vedtak:

Prosjektet Eiendomsselskap vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift.

Bakgrunn:

Terje Titland Taxi AS er eit aksjeselskap. Bransje: 49.320 drosjetransport. Registrert 06.07.2021.
Kjelde: Proff.no.

Saksopplysningar:

Terje Titland Taxi AS, lokalisert i Bøvågen på Radøy, driv transportverksemd og tilbyr taxitenester. Selskapet vart etablert i 2021 og har vidare planer om å starte opp eiendomsselskap og investere i eiendom.

Om prosjektet:

Dagleg leiar i selskapet, Terje Titland, har planar om å kjøpe Sletta Senter, lokalisert på Sletta. Her har det vore daglegvarebutikk tidlegare. Etter dialog med søkjar er kjøp av eiendomen ikkje avklart enno med noverande eigar, men ein er i forhandlingar.

Prosjektleveranse/Målsetting

Målet med investeringa er å pusse opp eiendommen og starte opp igjen daglegvarebutikk.

Prosjektøkonomi:

Prosjektnamn	Prosjektkostnad	Søknadssum	Framlegg
Eiendomsselskap	4 900 000	100 000	0

Vurderingsgrunnlag

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet og vert vurdert ut frå føremål og målsetting. Det vert gjort ei heilskapleg vurdering ut frå prosjektet sitt bidrag til entreprenørskap, berekraftig utvikling og auka sysselsetting i kommunen.

Vurdering:

Etter ei samla vurdering ligg prosjektsøknaden utanfor næringsfondet sine vilkår, jamfør vilkår 6.2 kor det ikkje vert gitt støtte til oppføring av bygg, og kjøp av eigedom og areal.

Søknad om støtte til eigedomsselskap vert avslått og prosjektet vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet.

Vedlegg:

Vedlegg i saken:

16.09.2022 Søknad

1804338